

Riksantikvaren  
[postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)

02.05.2024

## Innspel til Bevaringsstrategi for kysten sine kulturmiljø

Musea i Sogn og Fjordane er glade for høvet til å kome med innspel til den nye bevaringsstrategien for kysten sine kulturmiljø. Riksantikvaren sitt forslag er grundig og tek opp i seg mange sentrale og viktige områder.

I organisasjonen vår er vi fleire museum med godt kjennskap til nettopp kysten sine kulturmiljø i vår region. Det gjeld spesielt Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum med Holvikejekta, Sogn Fjordmuseum og Norsk Reiselivsmuseum. Vi ynskjer at ein bevaringsstrategi tek med seg kunnskapen og ressursane museumssektoren sit inne med i utforminga av strategien. Vi ynskjer oss også ein strategi vi kan nytte i våre framtidige planar/prioriteringar.

### Overordna

Musea som kunnskapsberar og ressurs inn i sine lokalmiljø vert lite veklagt i høyningsutkastet. Vi er mange museum som kan og skal vere ein ressurs inn i vurderingar kring bevaring og forvaltning av kystkulturen.

Det er svært bra at Riksantikvaren set kystmiljøa på dagsordenen gjennom ein bevaringsstrategi for kystmiljø. Vi vil også få rose definisjonen av kyst som «i, ved eller i umiddelbar nærhet av saltvann». Det er klokt, for då inkluderer vi fjordane og til dømes jektefarten i strategien.

I høyningsutkastet tek Riksantikvaren utgangspunkt i tre deltema: Sjøvegen, naustet – der vi går i land, og ferie og friluftsliv langs kysten. Kva medfører det?

Det er tre tema som dekker sentrale deler av kystkulturen godt, men vi meiner at ein del sentrale tema likevel får for liten plass. Dette gjeld spesielt mekaniseringa av fiskarflåten på 1900-talet og småindustrien som vaks fram rundt denne. Det gjeld blant anna båtbyggarverksemder, slippar med mekanisk verkstader og ulike anlegg for foredling av fisk. Dette er viktige perspektiv å ha med seg når ein skal sjå på ein bevaringsstrategi for kystkulturen.

### Del 1: Sjøvegen

Dei flytande kulturminna våre er ein fantastisk inngang til kystkulturen som skapar stort engasjement i lokalsamfunna sine. Den store delen frivillige som engasjerer seg i dei verna fartøya våre er eit prov på dette. Vi ser at strenge krava til sertifikat av både fartøy og mannskap er ei tung bør å legge på dei frivillige. Kystmuseet i Sogn og Fjordane kjenner godt til desse problemstillingane. Vi eig den shelterdekka autolinebåten MS Haugefisk som vert drifta av



vennelaget Haugefisk's venner. Krava til sertifisering og dei store kostnadane knytt til desse krevje mykje av vennelaget, og bremsar dei i å vise fram båten og formidle den nære fiskerihistoria som er formålet med båten. Om vi vil at frivillige skal halde fram med å bære det største ansvaret rundt dei flytande kulturminna våre, lyt det offentlege legge betre til rette for dei kan gjere ein god jobb. Vi ser også behovet for eit større kartleggingsprosjekt rundt vår nære fiskerihistorie og fiskarflåten knytt til denne. Er vi trygge på at vi får bevart eit representativt utval av fiskarfartøy frå siste halvdel av 1900-talet? Tida for dette er no.

Dette er tema og problemstillingar ein bevaringsstrategi for kystkulturen bør ta opp i seg.

## **Del 2: Naustet – der vi går i land**

Som riksantikvaren peikar på er naust og sjøhus ein bygningstype som forsvinn i stort monn langs kysten vår. Dette er viktige bygg i arbeidet mot å bevare og dokumentere kystkulturen.

I høyringa løftar riksantikvaren fram potensialet med å ta i bruk sjøhusa på nye måtar. I mange tilfelle ser vi at dette kan vere ei god løysing I frå eit museumsfagleg perspektiv ynskjer vi likevel å løfte fram verdien av å kunne bevare og vise fram den opphavlege bruken av større sjøhus og saltebuer. Dette er store bygningar som ofte står svært værhardt til, i eit landskap som gjer det svært utfordrande å restaurere/renovere/vedlikehalde. Om vi ynskjer å ta vare på eit representativt utval av denne bygningstypen langs heile Norskekysten, lyt vi ta inn over oss desse utfordringane.

Ein bygningstype som ikkje er nemnt i høyningsutkastet er nothenga. Ein type bygg som kom medmotoriseringa av fiskarflåten og større notbruk. I dag er det berre eit fåtal att i varierande stand. Dette var ein viktig bygningstype for fiskeria med ein særegen arkitektur som bør med i ein bevaringsplan.

## **Del 3: Ferie og friluftsliv langs kysten**

Ferie og friluftsliv langs kysten er eit godt tema til rett tid. Den sosiale dimensjonen rundt innføringa av ferie og fritid er viktig. Riksantikvaren gjer rett i å løfte fram den kraftige auken av fritidsbåtar. Vi meiner likevel at ein bør løfte perspektivet når det kjem til motoriseringa av flytande fartøy.

## **Til slutt**

Kva skal ein bevaringsplan dekke? Her er nok meiningane mange og til tider motstridande. Det er lett å sjå verneverdien i dei eldste, og mest forsegjorte praktbygg og fartøy. Men om målet for bevaringsplanen er å forvalte kystkulturen er det viktig å lage rom for bruksbygningane og bruksbåtane. Innverknaden den motoriserte fiskarflåten, små båtslippar, fiskemottak og notheng har hatt for lokalsamfunna langs kysten dei siste 100 åra må i mykje større grad med i ein bevaringsplan.

Det er mange aktørar frå det offentlege, frivillige organisasjonar og private eldsjeler som er viktige for at ein slik bevaringsplan skal forvalte kystkulturen på ein god måte. Her bør museumssektoren ha ei tydeleg rolle som rådgjevar og kunnskapsberarar.

Med vennlig hilsen

**Annette Langedal Holme**

Museumsleiar ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane